



VINDAFJORD
KOMMUNE



Konkurransegrunnlag for anskaffing
av konsulentbistand til
Barnehage- og skulebruksplan
Vindafjord kommune våren 2020

Arkivsak 19/5167

Innhald

1 Generell beskriving	3
1.1 Om oppdragsgjevar	3
1.2 Beskriving av oppdragsgjevar sitt behov	3
1.3 Tidsfristar	4
2 Reglar for gjennomføring av konkuransen	4
2.1 Anskaffingsprosedyre	4
2.2 Offentlegheit og teieplikt	5
2.3 Frist for vedståing	5
2.4 Kommunikasjon og tillegginformasjon	5
3 Kvalifikasjonskrav	5
3.1 Skatteattest	5
4 Tildelingskriterier	5
5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming	6
5.1 Innlevering av tilbod	6
5.2 Utforming av tilbod	6
6 Vedlegg	7

1 Generell beskriving

1.1 Om oppdragsgjevar

Vindafjord er ein kommune på halvøya Haugalandet, nord i Rogaland fylke. Den grensar i sørvest mot Tysvær, i søraust mot Suldal og i øst mot Etne i Hordaland. Frå sjøsida grensar Vindafjord mot Sveio i vest, Stord i nordvest og Kvinnherad i nordaust, alle tre kommunar i Vestland Fylke. Kommunen har fått sitt namn frå Vindafjorden, fjorden som dannar den sørlege grensa mot Suldal. Kommunen har ni bygder, og har eit innbyggjartal på om lag 9000.

Oppdragsgjevar sin kontaktperson er:

Namn	Nils Erik Eide
Telefon	98 28 68 72
E-post	nils.erik.eide@vindafjord.kommune.no

1.2 Eventuelle spørsmål kan rettast skriftleg til kontaktpersonen, eller i Mercell portalen. Beskriving av oppdragsgjevar sitt behov

I budsjett – og økonomiplan for Vindafjord kommune 2019-2022 var følgjande vedtatt:

	2019	2020	2021	2022
6.2.1.9 Utarbeida Barnehage- og skulebruksplan			x	

Vindafjord kommune har ni levande bygder med barnehage og skule i alle bygder.

Barnehage – og skulebruksplan skal utarbeidast for å sikre ein framtidsretta utvikling med høg kvalitet i barnehage- og skuletilbodet. Kommunen har ein svært spreidd struktur og økonomiutfordringane som kommunen står i er vesentleg for at denne planen blir utarbeida nå. Sjølv om kvalitet står i høgsete er det avgjerande for kommunen å redusere utgiftene, og innan dette feltet. Det vil derfor vere vesentleg å sjå på ulike strukturendringar i denne planen. Dei ulike løysingane skal vurderast opp mot dagens situasjon både knytt til kvalitet og økonomi.

Vindafjord kommune ønskjer at minimum følgjande alternativ blir utgreidd:

- **MODELL 1**
4 skular (ein rein ungdomsskule, tre 1-7 skular) 2 store kommunale barnehagar + (3 private bhg i Vikedal, Ølen og Vats (Nausthaugen))
- **MODELL 2**
3 skular (tre 1-10 skular) 2 (3)store kommunale barnehagar + (3 private bhg i Vikedal, Ølen og Vats (Nausthaugen))
- **MODELL 3**
6 skular (her er forslag om dei tre oppvekstsentrana vert lagt ned) 4 barnehagar + (3 private bhg i Vikedal, Ølen og Vats (Nausthaugen))
- **MODELL 4**
Konsulentbyrået står elles fritt til å koma med andre alternative løysingar.

Alle forslaga skal analysere og drøfte desse ulike problemstillingane:

- Kvalitet i tilbodet etter omorganisering med barna og elevane sitt beste som viktigaste mål
- Økonomiske konsekvensar og innsparingar
- Organisering av personell/leiarar
- Geografi; logistikk, avstandar og transportutfordringar opp mot lovpålagte avstandar. Geografi opp i mot innsparingar.
- Konsekvensar for bygg og uteområda. Potensialet i ev solgte skulebygg for «bygdelivet» framover
- Justering av skulegrenser/ inntaksområder.
- Infrastruktur, herunder trafikale forhold.
- Uteområder.
- Rombehov/ romplan herunder tilgang til Idrettshall/ gymsal.
- Oppdaterte elevtallsprognosar.
- Arealanalyse med kapasitet og funksjonsanalyse.
- Utredninga skal danne grunnlag for beslutning om fremtidig skulestruktur
- I dag er PPT og skulehelsetenesta lokalisiert på rådhuset i Ølen. Korleis blir organiseringa av desse tenesta best mogleg med tanke på eleven?

Alle alternativ skal vurderast opp mot dagens situasjon: Tre kombinerte barne- og ungdomsskular (Vikedal, Ølen og Skjold), tre barneskular (Sandeid, Vats og Vågen), fire barnehagar (Skjold, Vats, Sandeid og Vågen), tre kombinerte barnehagar og skular (Imsland, Bjoa og Vik). I tillegg er det også private barnehagar i bygdene Vikedal, Ølen og Vats.

Konsulentbyrået kan etterspør nødvendige dokument/kart/plan eller liknande.

1.3 Tidsfristar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	14 dagar
Tilbodsfrist	20 dagar
Tilbodsopning	20 dagar + 30 minutt
Evaluering og eventuelle forhandlingar	Veka etter tilbodsopning
Val av leverandør og beskjed til leverandørar	To veker etter tilbodsopning
Inngåing av kontrakt	Tre veker etter tilbodsopning
Tilbodet sin vedståingsfrist	10 dagar etter kontraktsinngåing
Leveranse	Etter avtale
Frist for innlevering av dokument til politisk behandling	1.april 2020

Ver merksam på at tidspunkt etter tilbodsfrist er førebels og kan bli gjenstand for justeringar. Ei eventuell forlenging av tilbodet sin vedståingsfrist kan berre skje dersom leverandøren bekreftar dette.

2 Reglar for gjennomføring av konkurransen

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjennomført i høve til lov om offentlige anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffingar (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I. Denne anskaffinga vert kjøyd som direkteanskaffing (kjøp under terskelverdi).

Oppdragsgjevar planlegg å gjennomføra forhandlingar med ein eller fleire av leverandørane som gir tilbod i konkurransen. Forhandlingane vil kunne gjelda alle sider av tilboda. Det vil bli plukka ut kven det vil bli forhandla med etter ei vurdering opp mot tildelingskriteria. Vindafjord kommune planlegg å ha forhandlingar med maksimalt 2 leverandørar.

Forhandlingar blir ikkje gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatt, vurderer at forhandlingar ikkje er hensiktsmessig. Dialog i form av rettingar/avklaringar vert gjennomført ved behov. Leverandøren vert på det sterkeste oppmoda til å følge dei tilvisingar som vert gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklarheiter per e-post til kontaktperson.

2.2 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytt til ein offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og dei tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningshøve det vil vera av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningsloven § 13.

2.3 Frist for vedståing

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunkt som er angitt i pkt. 1.3. ovanfor.

2.4 Kommunikasjon og tillegginformasjon

All kommunikasjon i prosessen skal skje i Mercell-portalen. Dette for at all kommunikasjon skal loggførast. Når ein er inne på konkurransen skal du velje fanebladet Kommunikasjon. Klikk så på ikonet "Ny melding" i menylinja. Skriv inn informasjon til oppdragsgjevar og trykk så på "Send". Oppdragsgjevar mottar så meldinga di. Om spørsmålet angår alle tilbyderar vil oppdragsgjevar svara dette anonymt ved å gje svaret som ein tilleggsinformasjon. Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet Kommunikasjon og deretter under fanebladet Tilleggsinformasjon. Du vil også få ein e-post med en link til tilleggsinformasjonen

3 Kvalifikasjonskrav

3.1 Skatteattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Norsk leverandørar skal ha ordna høve med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.	Skatteattest, ikkje eldre enn 6 mnd.

4 Tildelingskriterier

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva tilbod som har det beste høvet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterier angitt i prioritert rekjkjefølge:

Kriterium	Vektning	Dokumentasjon
Pris	30%	Ferdig utfylt prisskjema
<u>Kvalitet</u> <ul style="list-style-type: none"> • Kompetanse hos tilbudde saksbehandlarar 	40%	CV for tilbudde saksbehandlar(ar), maks ei A4 side per CV. Kort omtale av referanseprosjekt med relevant overføringsverdi til dette

Me stiller krav til at konsulentbyrået har god kjennskap til lovverk som er relevant i arbeidet med ein barnehage – og skulebruksplan! Vidare vektlegg me spesielt erfaring frå arbeid med barnehage -og skulebruksplanar i liknande kommunar som Vindafjord.		prosjektet, maks ei A4 side per saksbehandlar. For kvart prosjekt ønskjer me opplysning om følgjande: <ul style="list-style-type: none"> • Oppdragsgjevar • Type utredning • Tidspunkt for utføring • Saksbehandlar si rolle i prosjektet • Prosjektet sin storleik i verdi.
<u>Kvalitet</u> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføringsplan/oppdragsförståing <p>Det vert veklagd spesielt korleis oppdraget er tenkt løyst innanfor den tidsramma som er sett, og korleis brukarmedverknad er planlagt. Dette inneberer også at utvalde konsulentbyrå må ha grundig synfaring på barnehagane og skulane, samt er offensive og spør oss i kommunen dersom det er noko dei lurar på om geografi, tomter til eventuelle nye barnehagar og skular, og anna relevant som skulle dukke opp i prosessen. Høyringsrunde der brukarane får gi innspel, t.d. i form av folkemøter i bygdene?</p>	30%	Det vert leveret ein kort omtale av korleis oppdraget vert planlagd og gjennomført. Det må visast til ein tydeleg og god framdriftsplan med gode forklaringar til dei ulike milesteinane i prosjektet. Også kva som er dei viktigaste utfordringane i arbeidet, maks to A4 sider.

5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

Bekreft «ønske om å levera tilbud» elektronisk i Mercell ved å gå til fanebladet "Gi tilbud", og deretter trykk på knappen "Jeg ønsker å tilby." Dette er kun meint som ein indikator på om innkjøpar kan forvente tilbod eller ikkje. Du bind deg ikkje som leverandør ved å bekrefta at du ønskjer å tilby. Det er ønskeleg at tilbydar bekreftar om dei ønskjer å tilby så raskt som mogleg.

5.1 Innlevering av tilbod

Det er anbefalt at tilbodet blir levert i god tid før fristens går ut, f.eks. minimum 1 time før tilbodsprisen går ut.

Skulle det kome tilleggsinformasjon frå oppdragsgjevar som fører til at du ønskjer å endre tilbodet ditt før tilbodsprisen går ut, kan du gå inn og opne tilbodet, gjere eventuelle endringar og levera på nytt helt inntil tilbodsprisen går ut. Det sist leverte tilbodet vert rekna som det endelega tilbodet.

5.2 Utforming av tilbod

Vindafjord kommune ber om at tilbodet vert utforma i samsvar til den disposisjon som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt vert svart på/belyst og dokumentert i tilbodet.

Tilbodet skal ha følgjande utforming:

- Signert tilbodsbrev
- Utfylt tilbodsskjema (ligg vedlagd)
- Leverandøren sin løysningsspesifikasjon vedkomande kompetanse (tel 30 %).
- Leverandøren sin løysningsspesifikasjon vedkomande gjennomføring (teller 30 %).
- Leverandøren som vinn konkurransen må i tillegg levere skatteattest.

6 Vedlegg

- Tilbodsskjema
- Generelle kontraktsvilkår

TILBODSSKJEMA

Firmainformasjon

Firmanamn			
Organisasjonsnummer			
Postadresse			
Besøksadresse			
Telefonnummer		Mobilnummer	
E-postadresse			

Kontaktperson			
Telefonnummer		Mobilnummer	
E-postadresse			

Tilbod

Oppdraget skal honorerast etter brukt tid. Det vert nytta standard kontraktsformular NS 8402. Dei timeprisar som kjem fram nedanfor er tilbydar sin timepris for ytingar som kjem fram av konkurransegrunnlaget, samt dei omkostninga som i høve grunnlaget ikkje skal godtgjerast særskilt. Alle timeprisar skal gis inklusiv alle påslag og eksklusiv meirverdiavgift og skal dekkja alle tillegg til netto utbetalt arbeidsløn med unnatak av dei utgifter som er definert i NS 8402 pkt. 13.

Utredning

	Estimert timeforbruk	Timepris eksl. MVA	Sum
Forarbeid			
Arbeid med modell 1-4			
Møteverksemd			
Synfaring			
Anna			

Reisekostnadar

	Sats/pris per eining	Antal reiser	Sum
Reise utan overnatting			
Reise med overnatting			

Atterhald og avvik

- Det tas ingen atterhald/avvik.
- Det tas _____ atterhald/avvik som er nærmere lista opp i tilbodsbriefet.

Ovannemnde leverandør gir med dette vedlagde tilbod på i høve dei vilkår som kjem fram av konkurransegrunnlaget. Konsulentbistand knytt til utredning barnehage – og skulebruksplan for Vindafjord kommune.

- Me anerkjenner oss vårt tilbod til den dato som er angitt i konkurransegrunnlaget.
Tilboden kan aksepteras av oppdragsgjevar når som helst fram til utløp av anerkjenningsfristen.

Stad

Dato

Underskrift

Namn med blokkbokstavar
